

FORELDREINFO NOVEMBER 2022

Info frå FAU/SU/SMU



Møte i FAU den
08.11.22. Du finn referatet
[her](#).

Fau lagar lunsj for elevane 5.des

Neste møte i SU/SMU den 8.des.

10.trinn har begynt hospitering med tanke på vidaregåande skule. I november har dei vore på maritimt opplegg, og blant anna besøkt Skoleskipet Gann.



God førebuing til overgang VGS, god støtte til og frå heimane og elevar som er nysgjerrige er ein viktig faktor til at Bjerkreim år etter år ligg på topp på gjennomføringsgrad på VGS. Ingen andre kommunar kan skilta med gjennomføringsgrad på 100% over fleire år. Sterke vinger og solide røter gjer elevane gode forutsetningar!

Skulen har hatt planleggingsdagar 17.-18.november.

I løpet av planleggingsdagane har me hatt oppe følgende tema:

- **leksebevisst skule.**
 - o Her vil me laga eit felles skriv for korleis lekser skal vera på skulen og kvifor me ev. skal gje lekser. Skrivet vil bli gjennomgått i FAU-møte 18.01.23
- **Heim-skule samarbeid**
 - o Me oppdaterer planen for foreldremøter, arbeidet vil bli ferdigstilt i løpet av januar 2023
- **kollektive ferdigheiter**
 - o Ferdigheitane er revidert for å henge med i tida. Leiinga vil ta runde i klassane når ny plakat er ferdigstilt.
- **opplæring i Lingit programvare**
 - o Programvare for lese- og skrivestøtte for alle elevar. Lærarar, miljørettelærarar og fagarbeidare har fått opplæring i bruk av systemet, dette har eller skal og elevane få snarast. Føresette kan søka rektor om å få lov til å bruke dette hjelpemiddelet på eksamen. Elevar med Lingdys+ (liknande program med fleire funksjonar for å kompensera for lese- og skrivevanskar) treng ikkje å søka.
- **Eksamen**
 - o Lærarane på ungdomstrinnet har gått gjennom det som nytt i forhold til eksamen etter nye læreplanar. Elevane på 10.trinn vil få informasjon når det nærmar seg.

Visma Flyt Skule

Me har no opna slik at de kan sjå heim-skule vurderingar, terminkarakterar (for elevar på 8.-10.trinn) og svara på samtykke i Visma app'en. Tidlegare måtte de inn via PC på heimeweb. Me håper dette gjer det enklare for dykk heime å følge med på skuleresultata.

Adventstida er her, og på skulen skjer mange koselege aktivitetar fram mot juleferien. Vardesamlinga vår måtte avlysast på grunn av dårleg ver, men oppfordringa om å bruka adventstida til å sjå seg rundt om det er nokon som treng ein ven eller litt oppmuntring er gitt i dei enkelte klassane. Ta dykk gjerne ein tur forbi skulen og sjå kor flott det er pynta med lys i julegranene og raude hjarter i vindauga.

Ønsker dykk heime og ei flott adventstid med tid til familie og rolege kveldar innimellom alt av juleavslutningar som desember bringer.

Mvh
Svanhild Gjedrem
rektor

